

Menighetsbladet



Tustna



Aure



Stemshaug

Nr 4 2021 46. årgang



***Men engelen sa til dei:
Ver ikkje redde! Sjå,
eg kjem til dykk med
bod om ei stor glede,
ei glede for heile folket:
I dag er det fødd dykk
ein frelsar i Davids by.
Han er Messias, Herren.
Lukas 2, 10***



Andakten

Av Sindre Stabell Kulø, prost, Ytre Nordmøre prosti

*Vår byrde vil du bære
og ta vår tyngste vakt.
Du skal beseire mørket
med kjærlighetens makt.*

*Vi åpner oss for gledens ord!
Vi ser deg, barn, og hører
Guds hjerteslag på jord.*

(Fra salme 65 i Norsk Salmebok:
«Vi ser deg Herre Jesus»)

Juleevangeliet. Det er ikke bare verdens mest berømte fortelling; det er også den største fortellingen, og det er definitivt verdens vakreste fortelling. Vi kjenner det i ryggmargen, ikke sant, når fortellingen blir lest om keiser Augustus, om høvding Kvirinius, om dette fattige flyktningeparet i Palestina som ikke engang får føde inne i et hus, men må ta til takke med stallen, om englene og gjeterne, og at alt var blitt slik det var blitt fortalt dem Om at Guds storhet ligger i å være bitteliten. Kristendommen er ikke menneskenes vei til Gud, men Guds vei til menneskene. Alt annet blir uvesentlig når det står i forhold til Juleevangeliet; Guds fotavtrykk på jorda vår kom til de lutfattige flyktningene; en snekker og forloveden hans, og det ble vår vei til Gud. Vi har ikke noe annet. Derfor er det en hyllest til alle bekymrede mødre og fedre som lurte på hva slags verden

barnene deres skal vokse opp i, se – Gud har sett dere. Gud har kjent det på kroppen. Sånn kom Gud til verden.

Han er også kommet for å vise oss hva som er rettferdighet. Fred. Den som noen gang har holdt et bittelite barn i hendene sine har holdt Kristus i sine hender. Du har kjent Juleevangeliet på kroppen når du legger fingeren din i håndflata til en nyfødt baby – og hånden lukker seg rundt fingeren din, Du har hørt Juleevangeliet når et nyfødt barn pludrer i vei på et språk du ikke forstår, men som likevel rører de dypeste strengene i deg. Du har sett Juleevangeliet når en liten unge tar de første skrittene etter hundrevis av timer med øving og ramling og feiling. Juleevangeliet er ekstremt fysisk. Det er en fødsel inne i et fjøs. Vi fikk ikke kongesønnen, krigeren, herskeren, makten. Vi fikk barnet. Og vi fikk i oppgave å lete etter barnet, oppsøke det i våre egne liv, den som har holdt et forsvarsløst, nakent barn i hendene sine har båret vekten av himmelriket.

For han har kommet. Vi vet hvem han er, for vi ser hans ansikt hver dag. Hvis vi har øyne som kan se. Juleevangeliet er skrevet inn i ansiktene våre; mitt ansikt og ditt an-



sikt og alle våre ansikt bærer bilder av hvem Gud er. Biskop Stålsett sa at den som er mest hudnær er mest Gudnær. Og etter at englene hadde forlatt dem og vendt tilbake til himmelen, var alt som hørtes på Betlehemsmarkene et bittelite barn som skrek av full hals. Så sovnet han kanskje, og alt ble helt stille. Den stillheten, den freden, den ønsker jeg dere mest av alt. *Vi ser deg, barn, og tror!*

*Vi ser deg Herre Jesus,
som en av jordens små.*

*Din fødsel er et under
vi aldri kan forstå.*

*Men i et evig lovsangskor
forenes alle røster,*

Vi ser deg barn og tror!

(Fra salme 65 i Norsk Salmebok: «Vi ser deg Herre Jesus»)

God jul, Guds fred, og ei velsignet julehøytid lyser jeg over dere alle i Aure.



Julemesse

Sør-Tustna Bedehus hadde julemesse i November. Det var anledning til å kjøpe julegaver og mye annet fint. Utstillere var Berit Eli Søyseth, Bjørg Torgnes, Ragnhild Guldstein, SinSmia og Margareth Svelund. Det var en kjempe-suksess. Det var også anledning til å kjøpe middag, kaffe og kakker. Videre var det et fint basarbord.

Einar Ørbog

Julemessa 2021

20. november var det nok en gong duka for julemessa på Aure misjonshus, denne gongen til inntekt for NLM sitt arbeid. I fjor var julemessa preget av koronarestriksjonar, noko som messa stort sett slapp unna i år. Dørene opna klokka 11, og ein kunne få kjøpt både bakst, julepynt og dekorasjonar samt strikkaplagg og anna fine handverk, i tillegg til lodd. Matsalet og lodd- og åresalet heldt på heile dagen og mange var innom. Salen var så å seie full under avslutningsmøtet. Lars Olav Lundø heldt andakt, og Aure Misjonskor song. Etterpå var det tid for å presentere trekningsskjemaet. Gjennom sal av både lodd, mat og ulike varer kom det inn over 90.000 kroner til NLM sitt arbeid. Det blei ei vellukka og fin julemesse.

Miriam F. Ingvaldsen

Soknepresten sluttar

Per Eilert Orten har frå 31.01.2022 sagt opp stillinga si som sokneprest i Aure, Stemshaug og Tustna. Vi vil uttrykke djup takksemd for den tenesta Per Eilert har stått i for oss i Aure! Vi vil skrive meir i neste blad.

Det vil kome ein prestevikar frå 01.02.22-01.05.22. Han heiter Preben Colstrup, er 75 år og bur for tida i Asker. Han vil bu i Aure, og være stasjonert her under vikariatet.

Min salme

Miriam Finset Ingvaldsen

Å få i oppdrag å finne ein julesong er ei takknemleg oppgåve. Problemet er jo berre det at det er så mange å velje mellom. Eg har vore innom repertoaret som ligg lagra i hjernebarken: Opna ei skuff her, blåse støv av ei gammal salme der. Så landar eg likevel på ein mykje brukt, og for nokon kanskje ganske barnleg, song nemleg «Du grønne, glitrende tre». Skriven av danske Johan Krohn (1841–1925), omsett til norsk og trykt i Nordahl Rolfsens Lesebok for Folkeskolen i 1892. «Du grønne, glitrende tre» har faktisk to melodiar. Dei fleste av oss syng han etter melodien til tyskaren Christopher E.F. Weyse, men det er vel verdt å lytte til og syngje med på Edvard Griegs strålende tonesetting.

Det er vel noko med stemninga, det å vere eit barn i jula, og kor klårt og tydeleg ein kan hugse enkelte opplevingar som gjer at mange av julesongane er så spesielle for oss. Og for meg er denne songen

å halde nokre varme, vaksne hender i mine små, vere ein liten del av ein stor ring som går rundt juletreet under juletreffesten på gamle Lesund skule. Den gongen treet var så forunderleg stort, og verda var det heilt nære, og ein framleis kan hugse alle lukter og alle andlet i rommet. Så kunne ein bøye seg bakover og sjå der opp mot stjerna i toppen medan ein song: «Ja, den må skinne for den skal minne oss om vår Gud». Rein nostalgi kan ein kalle det, men eg har ikkje så mange romantiske minne om barneskulen, og dette minnet står for meg heilt klårt: Det å få vere ein bitte liten del av tilværet mellom himmel og jord.

DU GRØNNE, GLITRENDE TRE

*Du grønne, glitrende tre, goddag!
Velkommen, du som vi ser så gjerne.
Med julelys og med norske flagg,
og høyt i toppen den blanke stjerna.
Ja, den må skinne, for den skal minne.
Ja, den må skinne, for den skal minne
oss om vår Gud,
oss om vår Gud.*



*Den første jul i et fremmed land
sin store stjerne vår Herre tente;
den skulle vise vår jord at han
den lille Jesus til verden sendte.
I stjerneglansen gikk engledansen.
I stjerneglansen gikk engledansen
om Betlehem,
om Betlehem.*

*Om Jesubarnet fortalte mor
så mang en aften vi satt der hjemme;
vi kan hans bud og hans milde ord,
vi vet at aldri vi dem må glemme.
Når stjernen skinner, om han oss minner.
Når stjernen skinner, om han oss minner
vårt juletre,
vårt juletre.*

Advents- og julemøter

Adventssang i Skarsgrenda bedehus

laurdag 11.12. kl. 16.00

Juletreffest på Skarsgrenda bedehus

2. juledag (26.12.) kl. 16.00

Juletreffest på Kjorsvikbugen bedehus

4. juledag (28.12.) kl. 16.00

Juletreffest på Aure misjonshus

5. juledag (29.12.) kl. 17.00

Juletreffest i Gullstein grendehus 6.1.22



I år og vart bussen lasta opp med klede og andre nyttige gåver til dei som treg det i Estland. Takk til alle som hjelper til!



Stiftsdagane -

En samling for alle kirkelige ansatte i Møre Bispedømme

Møre bispedømme inviterte alle ansatte i de kirkelige fellesråd og alle ansatte i Møre bispedømmeråd til Stiftsdagar i Geiranger 14. - 16. september 2021. Fra Aure og Smøla deltok kirkevergene. Det var dessverre ikke mulig å få med flere, tross sponning fra bispedømme.

Tema for årets samling er **Kirke på nye måter**, konkretisert gjennom undertema «organisasjon, kommunikasjon og praksis».

Blant innledere er Ingrid Vad Nilsen, Henrik Syse, Torill Standal Eliassen og Knut Tveitereid. Vi hadde fagsamlinger i yrkesgrupper, hørte på plenum diskusjoner, lærte om digital kommunikasjon og hørte om Knut Tveitereid sin publikasjon «En helt overkommelig bibel» og fikk høre om «Fresh Expressions».

Og selvfølgelig kom vi på årets store tema: ny kirkelig organisering. To arbeidsgiverlinjer forenes til en. Dette er en omfattende arbeid som har pågått i over 20 år! Møller-Nilsen sin rapport om ny kirkelig organisering ble presentert av Ingrid Vad Nilsen,



direktør i kirkerådet, den tydeligste presentasjon jeg har hørt hittil. Dette blir absolutt *Kirke på nye måter*. Finn høringsinnspill på kirken.no/kirkeligorganisering.

Andre innslag inkluderte «Maria og organisten», en inspirerende gospelkonsert med Maria Holand Tøsse og Leif Ingvald Skaug. Den siste dagen ble det holdt gudstjeneste i konferansehallen i hotellet. Det var en

merkelig setting, men kirken var for liten til oss alle. Det var hele 5 stasjoner for utdeling av nattverd!

Etter en lang tid med corona restriksjoner var det svært givende å dele tid, tanke, tru og naturopplevelser i Guds skaperverk (utfukt i fjord og fjell).

Judy og Judith

NY KYRKJELEG ORGANISERING

Sidan 2005 har Kyrkjemøtet i Den norske kyrkja hatt som mål å samle arbeidsgjevaransvaret for alle som jobbar lokalt i kyrkja.

Sokna vart eige rettssubjekt 01.01.1997, da kyrkja vart skild frå kommunen. Då kom den nye kyrkjelova, og alle vart tilsette i kyrkjelege fellesråd forutan sokneprestar og tilsette på bispedømekontor. Dei var framleis tilsette i staten. Den 01.01.2017 vart Den norske kyrkja eit eige rettssubjekt (RDNK), og skilt frå staten. Samtidig vart alle prestar og tilsette i bispedømmeråd og Kyrkjerådet overført frå staten til det nye kyrkjelege rettssubjektet.

Med den nye trussamfunnslova som trådte i kraft 1. januar 2021, har kyrkja fått mynde til å avgjere kyrkja si organisering. Og mars 2021 leverte Müller-Nilssen-utvalet si utgreiing om korleis dette kan sjå ut med ei organisering på prostnivå. Ei or-

ganisering på dette nivået har ikkje vorte behandla før, og difor bad Kyrkjerådet om ei utgreiing av dette nivået

I rapporten frå Müller-Nilssen-utvalet, vert det mellom anna foreslått at dagens kyrkjelege fellesråd skal bli erstatta av eit felles kyrkjeleg organ på prostnivå. Det er fleire modellar for korleis dette kan vere organisert. Dette organet, prostifellesrådet, vil vere arbeidsgjevarorgan for alle dei som arbeider lokalt (dagens fellesrådstilsette og kyrkjelydsprestar).

Ei slik endring vil føre med seg andre spørsmål, mellom anna valordning og samansetning av prostifellesrådet, ordning for dagleg leiing, Økonomisk tilskott frå kommunen. Vidare konsekvensar for biskop og bispedømmeråd og betydninga av ansvar og oppgåver for soknerådet. Organ i kyrkja og kyrkjelege verksemdar får no dette og andre spørsmål til høyring.

Frist for høyringssvar var 1. desember 2021

Sokneråda og fellesrådet valte ein person for å sitje i ein komité som utarbeida eit forslag til høyringssvar. Det er 48 spørsmål som skal eller kan besvarast digitalt. Komiteen har hatt to møter og, svara på dei fleste spørsmåla som vart stilt. Men kom til slutt fram til følgjande vedtak: Fellesrådet og alle sokneråda avviser prostifellesrådsmodellen, og sender svaret i form av e-post til Kyrkjerådet.

Kvart sokneråd og fellesrådet har sendt inn kvart sitt høyringssvar.

Kyrkjeverja

Julehilsen fra ordføreren

Juletida kommer med glede, håp og forventninger. Familietid, samhold, julefred, god mat, hygge og giverglede er ord som beskriver jula for meg. Samtidig kan jula også ha en annen side. For noen er jula ei tid preget av savn, lengsel eller vonde minner. Noen har mistet en de hadde kjær, noen er rammet av alvorlig sykdom og noen kjenner på ensomhet. Jula forsterker både livets gleder og livets sorger.

Jeg har et nært og varmt forhold til julehøgtida. Storfamilien samles, huset pyntes og julemusikkens toner er alltid på. For meg er tradisjoner utrolig viktig og jeg tviholder på dem!

En av de fineste tradisjonene jeg har i førjulstida er at jeg og Oddbjørg, bestemor til mannen min, baker smultringer og rosetbakels. Mine besteforeldre har gått bort, så jeg setter utrolig stor pris på de timene jeg får sammen med Oddbjørg. Selv om desember ofte er ei travel tid for meg så er dette en tradisjon jeg aldri rokker ved.

Julaften har også noen faste innslag som jeg sverger til, jeg må se «Tre nøtter til Askepott», julekrybba må settes fram og pinnekjøtt er en selvfølge til julemiddagen!

I jobben min som ordfører har jeg også lagd en ny juletradisjon. For mange av oss er det en selvfølge at julaften og romjula er fridager, men slik er det ikke for alle. På lille julaften drar jeg og rådmann Håvard ut til alle enhetene i kommunen som har vaktmannskap på jobb i jula. Vi deler ut en liten juleglede som takk til dem som står på for å holde tjenestene oppe gjennom jula mens vi andre kan ta litt fri.

Selv er jeg veldig glad i jula og innrømmer gjerne at jeg synes det er stas både med masse snø og pakker under treet, men nærhet og gode opplevelser med mine nærmeste er viktigere enn alle verdens flotte gaver.

Jula er også ei tid for å se oss tilbake og å se framover. Gjennom et år er det et hav av øyeblikk, opplevelser og erfaringer, både for den enkelte og for oss som fellesskap. Når vi skal tre inn i et nytt år kommer nye muligheter, vi skal utvikle oss som enkeltmennesker og som samfunn. Jeg er sikker på at vi har et enda større hav av øyeblikk og muligheter foran oss i Aure enn det vi skriver inn i historien. For den enkelte og for fellesskapet. Jula er tid for stillhet, glede og til refleksjon



over livet. Skuldrene senkes og roen finner hjertet. Jeg håper at vi alle sammen kan vise litt ekstra omsorg til de som synes at jula er en vanskelig tid. Videre håper jeg at 2022 blir et godt år for oss alle. Vi skal fortsette å gi omsorg, fortsette å bry oss og fortsatt ta vare på hverandre. Vår kommune skal være et godt sted å leve for alle, hele livet. Med dette vil jeg ønske alle en riktig god julehøytid. Ta vare på dere selv og de dere har rundt dere!

Juleklem fra Hanne-Berit

Markerte 60 år med kvinners prestetjeneste med jubileumsgudstjeneste

60 år med kvinners prestetjeneste ble markert med jubileumsgudstjeneste i Molde domkirke 10. november.

Jubileumsgudstjenesten, med biskop em. Helga Haugland Byfuglien (predikant), biskop Ingeborg Midttømme, pensjonert prest Ruth Glæstad, sokneprestene Margit Lovise Holthe, Ragnhild Fuglseth, Grethe Lystad Johnsen, Ida Marie Weltzien, prestevikar Anita Hagerup, m.fl.

Gudstjenesten er inspirert av det mangeårige liturgiske arbeidet som er gjort i forbindelse med kvinnedagsmarkering i Borgund.

– I mars var det 60 år siden Ingrid Bjerkås ble ordinert som den første kvinnelige

prest i Den norske kirke. Vi vil feire denne gudstjenesten i takknemlighet for kvinners prestetjeneste til berikelse for kirken gjennom 60 år. Tema for gudstjenesten er derfor «velsigna», forteller biskop Ingeborg Midttømme.

– Kvinnenettverket i Møre har valgt å benytte denne anledningen til å støtte opp om kvinner som utdanner seg til tjeneste i den evangelisk-lutherske kirken i Etiopia, forteller biskopen. – Det teologiske semi-

nalet i Addis Abeba (MYTS) ble hardt rammet under ekstremregnet og flommen i august. Jeg har selv besøkt MYTS flere ganger og har fulgt utviklingen i Mekane Yesus-kirken på nært hold siden 2004.

Komiteen for jubileumsfeiringen for kvinners prestetjeneste bestod av Margit Lovise Holte, Grethe Lystad Johnsen, Ragnhild Fuglseth og Ingeborg Midttømme.

Møre Bispedømme



Sokneprestene Grethe Lystad Johnsen (t.v.) og Ragnhild Fuglseth i jubileumskomiteen for markeringen av 60 år med kvinners prestetjeneste.

Kaffepraten med Alexey Kurbanov

Organisten jubilerer

Tekst: Judy Rangnes Bilete: privat

I 21 år har han vore organist i Aure. 16. november fylte han 50 år. Vi synast det er på tide å bli litt betre kjend med Alexey.



Når kom du til Aure for å jobba i kyrkja?

- Det var seinkveld den 7. april 2000 at eg kom til denne vesle Nordmørs-perla, eg hugsar det framleis som i går. Apropos, denne dagen er heilt spesiell - då feirar ortodokse kyrkjer ei av sine store høgtider: Maria Bodskapsdag, (7. april er akkurat det same som 25. mars etter juliansk kalender, - elles tilsvarende den 25. mars, då feirast Maria Bodskapsdag i Den Norske kyrkja óg).

Kan du dela med oss nokre minna frå di tid som tilsett i Aure, både utfordringar og gleder?

- Eg kunne gjerne ha gjort dette, om minnet mitt ikkje skulle vera so utilgjeveleg dårleg og svakt siste åra. Eg hugsar framleis ein ganske god del ting og fakta, men berre svært fragmentarisk, kortvarig, derfor er det ikkje so lett å fortelja om noko konkret, ikkje lett å binde minna saman. Uansett, lat meg seia generelt: Gleder – at mitt ynskje å ikkje berre verta ein “proff” organist, men mykje meir, å ha fått fast draumejobb som organist i kyrkja (etter fleire år utan fast jobb og faktisk utan noko perspektiv) har gått i oppfyljing, takk og lova Vårherre. Og ikkje minst arbeidsmiljøet i Aure

Kyrkjelege Fellesråd – eit av Nordmøres beste, tykkjer eg. Utfordringar – generell utfordring er den “postmodernistiske”, “postkristelege” og “politisk korrekte” tidsepoken me lever i, og alt som denne epoken har brakt med seg. Ingen vidare kommentar...

Har du ynskjer og visjonar for kyrkje-musikk i Aure?

- Som sagt ovafor, lever me i altfor “politisk korrekte” tider. Då har det etterkvart vorte svært vanskeleg å finna 100 % passelege ord, fraser og formalar for å uttrykkja tankar og meiningar, å svara på slike utfordrande spørsmål, å framstilla problematikken på rett vis. Derfor skal eg prioritera å “leggja på hylla” alle mine moglege ynskjer og visjonar, samt halda veldig stor avstand til absolutt alle (utan unnatak) mine tidlegare innlegg, utsagn, meiningar, kommentarar, o.l. Er uhyre lei meg, men... slik er det. Må berre takka Gud for at Han har gjeve meg talent og

dugleik til å vera musikal og ikkje forfatter, teolog eller journalist, - kortare sagt, å “operera” med notar og tonar og ikkje med ord! Musikken kan ikkje skildrast med ord, som nokon har sagt for veldig lengje sidan! Orda er verkeleg så utruleg fattige i forhold til musikken...

Snart feirar me jul. Korleis er jul feira der du vaks opp?

- Hjartet mitt blør, og augo gret når eg gong på gong høyrer dette spørsmålet (som eg antakelegvis har fått i alt ca. 50 el. 100 gong gjennom desse vel 21 åra i Aure). Kanskje er det mange som tykkjer at det er like lett både å stilla slikt spørsmål og å svara på det. Men slik er det diverre ikkje med problemstilling når det gjeld vår “fortapte”, “forkasta” generasjon - og dermed meg personleg. Me er alle fødte og oppvaksne i eit “feil” land og ei “feil” tid, om det gjeng an å bruka slikt uttrykk. I mi barndomstid og ungdomstid hadde me faktisk (nesten) ikkje



høyr slike omgrep – “jøl”, “påske”, “pinse” e.l. Det var de facto strengt forbode ikkje berre å feira religiøse høgtider, men generelt var det rett og slett ikkje lov å syna fram gudstrua si, uansett om ein posisjonerte seg anten som kristen, eller muslim, eller buddhist, eller... Ein risikerte å verta straffa på det aller strengaste.


«Lever me, so lever me for Herren, og døyr me, so døyr me for Herren; anten me då lever eller døyr, høyrar me Herren til.» Dette utsagnet av Paulus sitt brev til romarane har vore sitert tallause gongar, men diverre ikkje om dei som føddest, vaks opp og døydde berre for éin eineståande “pseudoreligion” – marxisme - leninisme - kommunisme, utan anna alternativ. Ein “religion” utan noko reelt religiøst innhald. Tvert imot. Utan Gud, og ei tru som nesten var “viska ut” frå folkets medvit. Utan barnetru – som “til Himmelen er ei gyllen bru”. Utan dåp og utan von. Utan noko “ljøs i tunnelen”. Berre desse endelausa mørke, triste og dystre gudlausa åra, tiår etter tiår og generasjon etter generasjon...

Millionvis av prestar, diakonar, biskopar, rabbinarar og imamar, samt ekte gudstruande lekfolk, vart skotne og drepne eller sende til fangeleirar eller politisk-psykiatriske institusjonar for si tru...

Dei fleste tempelbygga vart bokstaveleg sprengte og revne av styresmaktene, og dei som stod igjen, var tomme og forlatne og øydelagde - eller var brukte til eit heilt anna formål enn heilagdommar... Diverre gjekk alle “ekte” gamle folketradisjonar til jøl, påske og pinse tapt for godt i den ateistiske tida, folk flest i Russland held fram å feira nyår i staden for jøl, noko eg vil kalla for “surrogatfeiring”.

- Eg saknar sårt jolefeiringa i gamle dagar, på 1700 – 1800-talet, både i Russland og Noreg (ein veit at feiring med joletre enno ikkje hadde kome i desse landa, t.d. vart joletre innført i Russland av keisar Peter den Store so seint som rundt 1700).

- “Å kunne jeg bare bli barn igjen, når juleklokkene ringer! Å, kunne jeg salig i ånden se de skinnende englevinger!” – bryt salmisten Karl Marthinussen ut. Slik vart det ikkje med oss som born og



unge, til stor sorg og sakn. “Den som ikkje tek imot Guds Rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det”... Og det einaste for oss fortapte er det berre å tru og stola på Guds endelausa nåde og miskunn og beda etter tollaren: “Gud, ver meg syndaren nådig!”

- Men den 3. januar 1989 skjedde det noko i livet mitt. Den dagen vart eg som 17-åring endeleg døpt i den ortodokse kyrkja i heimbyen. Døpt i namnet til Faderen og Sonen og den Heilage Ande! Takk, miskunnsame Gud! Hosianna i det

høgste! Betre seint enn aldri, veit du. Men døpt i full hemmelegheit – av om-syn til alt det ovannemnte. Men, etter berre to og eit halvt år, i august 1991, då Russland vart oppretta som stat, fekk me alle heilt offentleg lov å tru på Gud og vitja kyrkjer, moskéer, synagoger, osb.

Den 6. januar 1992 (eller den 24. desember 1991, etter juliansk kalender) ringde juleklokkene ogso for oss. Endeleg! Då vart jola igjen, etter monge mørke tiår, anerkjend av staten som offentleg høgtid.

50-års- konfirmantar

Sokneråda innviterer til feiring av 50- års konfirmantjubiläum kvart år.

Det blir da invitert til gudsteneste og kyrkjekaffi etterpå.

Dei siste åra har det vore litt dårleg tilbakemelding til kyrkjekontoret, på at det er fleire som ikkje har fått invitasjon, og dette beklagar vi. Det er viktig å ha riktig adresse for å nå fram til mottakar. Men vi opplever også at invitasjonar med korrekt adresse kjem i retur frå Posten. Dette kan skje fleire veker etter jubileet. Dette er svært trist for oss, og verre for dei som ikkje får ein invitasjon. Me skriv om feiringa også i menighetsbladet, på websiden www.aurekyrkje.no, og på facebook-sida Kyrkjene i Aure i forkant av jubileet. Vi håpar å nå alle.

For at dette skal bli vellykka er vi er veldig avhengige av hjelp frå jubilantane, at dei blir med i ein komité for å hente inn adresser, slik at vi når alle!

Vidare er det jubilantane sjølve som vel om de vil ha ei samling på laurdagskvelden, og korleis den skal vere.

Når alt er bestemt, hjelper administrasjonen på kyrkjekontoret med bestillingar og utsending av invitasjonar.

Blei du konfirmert i 1972 i Aure kyrkje, Stemshaug kyrkje eller Gullstein kirke?

Du kan allereie nå ta kontakt med Judy Rangnes på kyrkjekontoret for å seie at du vil vere med som planleggar. Det er også muleg å sende din kontaktinformasjon, så me lettare kan sende deg ein invitasjon som når deg. Bruk gjerne e-post: judy@arekyrkje.no eller vanleg post: Aure kyrkjekontor, Aursundvegen 147, 6690 Aure. Skriv gjerne også om du har idear for feiringa i 2022.

Og allereie nå kan du sette av følgjande datoer for 50 års konfirmantjubiläum i 2022:

* Dei som blei konfirmerte i Gullstein kyrkje i 1972, blir feira søndag 7. august 2022.

* Dei som blei konfirmert i Stemshaug eller Aure kyrkjer i 1972, blir feira søndag 21. august 2022.

Kyrkjekontoret



50-årskonfirmantar Aure og Stemshaug: Rekke 1 frå venstre: Norunn Margrete Augdal, Jorunn Mette Ertvåg, Jorid Vaag og Gunhild Marie Bergem. Rekke 2 frå V. Gunnar Strand, Toralf Bakken, Gunn Toril Finset, Astrid Kletten Eide, prost Sindre Stabell Kulø. Rekke 3 frå v. Torbjørn Gjerde, Arve Torstuen, Ole Ledal, Helge Margido Gjerde.



50-årskonfirmantene i Tustna. fra venstre: Karstein Holm, Bjørn Soleim, Martin Fossland, Terje Brevik, Maryann Veiset, Øystein Nergård, Ingebrigt Stranden, Alf Artvåg.



Ved middagen, fra venstre: Terje Brevik, Karstein Holm, Martin Fossland, Øystein Nergård, Alf Artvåg, Ingebrigt Stranden, Kurt Aunvik, Torstein Hamnes.

Ein liten rapport frå konfirmantarbeidet

Det er no heile 26 konfirmanter som følgjer undervisninga i Aure kommune, åtte på Tustna, og 18 frå Stemshaug og Aure. Det er vi svært glade for. Konfirmantlæraren dei to siste åra, Stig Ottar Jensen, fekk seg ny jobb i Trondheim etter sommaren. Vi har ikkje fått på plass ein erstattar, men Stig Ottar sa seg villig til å ta undervisninga med konfirmantane. Det har ført til at samlingane må vere på helg. Fordelen er at ungdomane ikkje har ein lang skoledag bak seg når dei kjem på samling, og at dei har fått kombinere oppmøte på gudstjeneste med anna undervisning. Ulempa er at både dei og foreldra må ut på ein fridag.

Vi planla med at alle skulle samlast på Aure sentrum. Ganske snart gjorde vi endringar, mest for å få mindre undervisningsgrupper, men også for å minske transportbelastninga for enkelte. Dette har gjort at samlingane har vorte kortare. Vi er takknemleg for at Stig Ottar tek den ekstra belastninga dette fører til. Det vi taper, er at ungdomane frå Tustna og Aure/Stemshaug ikkje blir så godt kjent.

Samlingane har ofte starta med gudstjeneste, etterpå har det vore opplegg med mat og undervisning. Konfirmantane er no inne i ein svært intens periode med fem



samlingar frå 31. oktober til 12. desember. Fjerde desember blir det samling for alle 26 på Aure misjonshus, og den 12. desember er det lysmesse både på Tustna og på Aure.

Heldigvis har det ikkje vore nødvendig med covidbegrensningar denne hausten. Medlemane i konfirmantutvalet og foreldra har vore støttespelarar for Stig Ottar ved samlingane. Dordi Oldervik på kyrkjekontoret har ansvaret for kontakten med foreldra der ei facebookside er den viktigaste kanalen. I februar får vi besøk frå Kirkens

Nødhjelp si ungdomsgruppe Change-maker. Vi er òg nær ved å fastsetje stad og dato for ein weekend på Smøla. Fasteaksjonen veit vi kjem tysdag 5. april. Da håpar vi det går an å gjennomføre ei dør -til- dør innsamling.

Raudstua og kyrkja har vore flittig bruka under samlingane på Aure, vi har òg vore på Misjonshuset og i Aure arena. På Tustna har kyrkja og Leira bedehus vore bruka.

Tekst og bilete: Arne Mastad



Lys Vaken vart arrangert utan overnatting. Her er Kjell Pettersen guide i klokketårnet i Aure kyrkje.

Veldig gleden at det vart HalloVenn. Takk til alle som hjalp til, og alle som kom!

Høyring - lokale vedtekter for gravplassane i Aure kommune

Jf. lov av 7.juni 1996 nr. 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplasslova frå 01.01.2021) § 21 (1)

Forslag til nye lokale vedtekter for gravplassane i Aure kommune, er vedtatt av Aure kyrkjelege fellesråd 23.11.2021

Nye lokale vedtekter for gravplassane i Aure kommune er ut på høyring. Svar på høyring sendes til post@arekyrkje.no innan 28.02.2022

Endeleg godkjenning av lokale vedtekter for gravplassane i Aure blir føretatt av statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

§ 1 FORVALTNING

Gravplassane i Aure kommune er underlagt Aure kyrkjelege fellesråd

§ 2. DEFINISJONER

Gravplassmyndigheita: Aure kyrkjeleg fellesråd under utøving av forvaltningsansvaret sitt for gravplassane i Aure kommune, jf. gravferdslova med forskrifter.

Fri grav: Grav som gravplassmyndigheita har til delt ein avdød person frå kommunen, og som det ikkje blir betalt festeavgift for i fredingstida. Festa grav: Grav som blir festa mot betaling av avgift.

Festa gravstad: Fleire kistegraver som er festa saman.

Urnegrav: Grav til askeurne med plass til fire urner, jf. gravferdsforskrifta § 14

Kistegrav: Grav som ivareteke forskrifta sine krav til storleik for gravlegging av kister. I ei kistegrav kan det også gravleggjast urner.

Fredingstid: Tidsrom frå siste gravlegging til grava kan takast i bruk igjen til ny gravlegging. Festetid: Tida det er avtala å feste ei grav for.

Ansvarleg for grav: Den som er ansvarleg for ei fri grav.

Festar: Den som står som part i ein festeavtale. Namna minnelund: Gravfelt med felles minnesmerke med namn og data på dei som er gravlagt.

§ 3. FERDSEL PÅ GRAVPLOSSANE

Besøkande skal om mogeleg ferdast gåande, jf. gravferdsforskrifta § 9 (2).

Gravplassmyndigheita kan etter søknad gi løyve til at ein kan køyre, ved dokumentert sjukdom/forflyttingshemming. All køyring skal skje særleg omsynsfullt.

§ 4. GRAVPLASSTILHØYRSLE

I Aure kommune har vi fire gravplassar: Aure kyrkjegard, Gullstein kirkegård, Folde gravlund og Stemshaug kyrkjegard.

På Aure kyrkjegard er felt I- K tillat berre for urnegrav. Unntak er graver som er festa til bruk frå før.

På Stemshaug kyrkjegard er felt B stengt for ny gravlegging. Dette på grunn av leirholdig jord, og dårleg nedbryting.

På Folde gravlund er det teke av eit gravfelt til

andre trus- og livssynssamfunn.

Avdøde personar i kommunen kan gravleggjast på kva gravplass ein ønskjer i kommunen.

Dei har rett til fri grav så langt grava blir tilvist.

Avdøde personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, blir medrekna på same måte som kommunen sine egne innbyggjarar, og har rett til fri grav så langt grava blir tilvist. Avdøde personar frå andre kommunar kan bli gravlagt i kommunen mot at kostnadane ved gravferda og avgift som ved feste av grav blir betalt.

§ 5. FREDNINGSTID

Fredingstid for kistegraver er 20 år

Fredingstid for urnegraver er 20 år.

Gravplassmyndigheita kan vedta lengre fredningstid for enkelte graver, der grunnforholda tilseier dette.

§ 6. FESTE AV GRAV

Når kistegrav skal takast i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av, og etter søknad til gravplassmyndigheita; for ei ekstra grav i tillegg når behovet tilseier det. Desse gravene utgjør då ein gravstad.

Ved feste av grav ved sida av den kistegrava som blir tatt i bruk, er festetida 20 år.

Når festetida er ute, kan gravstaden bli festa for nye 10 år. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje bli fornya utan etter særleg samtykkje frå gravplassmyndigheita.

I god tid før festetida er ute, skal festaren bli varsla. Er ikkje festet blitt fornya innan seks månader etter forfall, fell grava eller gravstaden tilbake til gravplassen.

Innbetalt festeavgift blir berre betalt tilbake dersom tilbakebetaling følgjer av bindande rettsregler eller det ligg føre særlege grunnar.

Ingen kan bli gravlagt i festa gravstad utan festaren sitt samtykkje. Dersom det ikkje er råd å hente inn samtykkje frå den ansvarlege eller festaren til bruk av festa grav, kan gravplassmyndigheita ta avgjersle om gravlegging. Festar pliktar å melde adresseendring.

§ 7. GRAV OG GRAVMINNE

Ved opning av grav kan jord bli lagt på omkringliggende graver, og gravutstyr kan mellombels bli flytta. Gravplassmyndigheita sørgjer for istandsetting igjen, og vil også sjå til at grava blir planert og tilsådd med gras etter gravlegging. Montering av gravminne kan først skje etter at gravplassmyndigheita har godkjent gravminnet og merka staden der det skal stå. Det kan ikkje bli sett opp tidlegare enn seks - 6 - månader telefritt etter gravlegging av kiste. Ved nye felt der gravminnet vert montert på fast grunn, kan ein montere gravminnet etter at grava er jamna. Medan ein ventar på gravminne, sørgjer gravplassmyndigheita for eit merke med avdøde sitt namn på.

På nyfesta gravstad skal gravminnet plasserast i bakkant av den grava som er tatt i bruk, og kan bli sentrert på gravstaden etter neste gravlegging ved søknad.

§ 8. PLANTEFELT

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgd med bakken omkring. Det må ikkje vere breiare enn gravminnet si breidde, men kan i alle tilfelle vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lengre fram enn 60 cm, målt frå gravminnet sin bakkant. Det kan ikkje plantast vekstar som overstig gravminnet si høgd eller går utover plantefeltet.

Det er ikkje høve til å bruke faste dekorgjenstandar som blomsterurner, lykter mv. utanfor plantefeltet. Det er høve til å tenne lys i fastmonterte lykter på grava. Lause dekorgjenstandar skal fjernast etter bruk.

Det er høve til å ramme inn plantefelt med delt steinkant eller bedplate som fluktar med terrenget omkring. Bedplate og fundament for gravminne skal ikkje henge saman.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet, eller ei heil bedplate.

Det er ikkje høve til å ramme inn grava med hekk eller døde materiale.

§ 9. PLANTEMATERIALE

Planter, kransar og liknande materiale som blir nytta ved gravferd eller ved pynting av grav og som endar som avfall, skal fullt ut vere nedbrytbare

§ 10. STELL AV GRAV

Kvar ansvarleg for frigrav eller gravfestar har rett og plikt til å stelle den grava vedkomande har ansvaret for. Vidare også ansvar for å klippe inntil gravminnet. Plantefelt som ikkje blir tilplanta eller stelt, skal såast til av den ansvarlege eller bli sådd til av gravplassmyndigheita.

Ansvarleg for grav eller festar pliktar å halde gravminnet sikra og i forsvarleg stand.

Ansvarleg for grav eller festar kan gjere avtale om at kyrkjelege fellesråd og den som får løyve til det etter § 13, kan utføre planting og stell av grav (samt montering, sikring og vedlikehald av gravminnet). Ein slik avtale fritenk ikkje den ansvarlege eller festar frå det ansvaret dei har etter reglane som til ei kvar tid gjeld.

§ 11 NAMNA MINNELUND

Det er avteke område til namna minnelund på Aure, Gullstein og Stemshaug. Ved gravlegging i namna minnelund vert namn og data til avdøde påført på ei namneplate på felles minnesmerke. Når urnegrav på namna minnelund blir teken i bruk, kan det festast ei grav i tillegg. Festetida er 20 år, festet kan innehalde fleire graver. Graver i namna minnelund kan festast på lik linje med andre graver på gravplassen. Dersom grava blir bruka på nytt etter fred-

ningstida, blir namneplate skifta ut, og ny eingongsavgift blir belasta. Ved gravlegging i namna minnelund må kostnader til namneplate og andel av minnesmerke, beplantning og stell betalast. Namneplate har plass til eit namn. Ved feste av ny grav blir det avteke ei namneplate ved sida av. Gravplassmyndigheita har ansvar for felles beplantning og stell i minnelunden. Det er ikkje høve til å opparbeide eige plantefelt for grav i minnelund. Det kan plasserast blomster og tenne gravlys på tilvist plass, så lenge det er innanfor gjeldande reglar for brannvern.

§ 12. BÅREROM

Det er to bårerom i kommunen, eit på Aure og eit på Gullstein. Båreroma blir disponert av kyr-

kjelege fellesråd og kommunen, og skal berre nyttast til oppbevaring av døde i tida fram til gravferda. Ingen har tilgang utan etter løyve. Liksyning kan berre finne stad etter samtykke frå den som står for gravferda, og vedkjem ikkje dei tilsette.

§ 13. NÆRINGSVERKSEMD

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på gravplassen, skal hente inn løyve frå gravplassmyndigheita. Løyvet kan kallast tilbake dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld.

Slik verksemd kan berre omfatte montering, sikring og vedlikehald av gravminne og beplantning og stell av graver.

§ 14. ARBEID PÅ GRAVPLASSANE

Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje på kvardagar i arbeidstida (kl. 07:00-17:00) og må ikkje utførast på søndagar, heilagdagane eller offentlege høgtidsdagane. Ikkje noko arbeid på gravplassen må vere til sjenanse for seremoniar eller rituelle handlingar på gravplass eller i bygning på gravplass. Næringsdrivande kan berre køyre på gravplassen i den grad det er nødvendig for å utføre arbeidet. Slik køyring skal skje ekstra omsynsfullt.

§ 15. DISPENSASJON FRÅ VEDTEKTENE

Gravplassmyndigheita kan i særlege tilfelle og innanfor ramma av gravferdslov og gjeldande forskrifter fråvike frå lokale vedtekter.

Kirkemøtet, 11.-16. november 2021 i Trondheim

Kirkemøtet samles til et seks dagers møte hvert år. I 2021 ble det utsatt fra april p.g.a. pandemien, og gjennomført i november. Kirkemøte er det øverste demokratisk valgte organet i Den norske kirke.

Hvem er Kirkemøtets 116 medlemmer?

- 77 leke medlemmer er valgt ved direkte valg
- 22 representanter for prester og leke kirkelig tilsatte (valgt av henholdsvis prestene i bispedømmet og de leke kirkelig tilsatte i bispedømmet)
- 12 biskoper
- 3 samiske representanter (en nordsamisk representant i Nord-Hålogaland bispedømmeråd, en lulesamisk representant i Sør-Hålogaland bispedømmeråd og en sørsamisk representant i Nidaros bispedømmeråd)
- 1 representant fra Døvekirken (i Oslo bispedømmeråd)
- 1 leder i Samisk kirkeråd
- Leder av Mellomkirkelig råd, de tre teologiske fakulteter og 4 representanter for Ungdommens kirkemøte er gitt plass på møtet med tale- og forslagsrett.

Kirkemøtet er det øverste demokratiske organet i Den norske kirke. Foto: Den norske kirke

Når er Kirkemøtet?

Kirkemøtet samles en gang i året. Dato for Kirkemøtet de neste årene:

- Kirkemøtet 2022: 21. – 26. september
- Kirkemøtet 2023: 4. – 9. august
- Kirkemøtet 2024: 10. – 15. april
- Kirkemøtet 2025: 23. – 28. april

Hva er Kirkemøtet i Den norske kirke?

Kirkemøtet er det øverste demokratiske, representative organ i Den norske kirke. Enkelte beskriver Kirkemøtet som Den norske kirkes "storting".

Kirkemøtet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på saker av felles kirkelig karakter og ellers på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menighetene, og det skal fremme samarbeidet innen Den norske kirke.

Kirkemøtet skal verne og fremme samisk kirkelig og ivareta Den norske kirkes internasjonale og økumeniske oppgaver. (Fra kirkeordningen § 28)

Kirkemøtet som består av medlemmene i de elleve bispedømmerådene, har 116 medlemmer. Kirkemøtet samles ordinært en gang i året.

Hva er Kirkemøtets oppgaver?

Kirkemøtet har en rekke oppgaver etter trossamfunnsloven § 12 og kirkeordningen § 28.

- gir uttalelse i saker om viktige endringer i lover på det kirkelige område,
- fastsetter retningsgivende planer og programmer for den kirkelige undervisning, diakoni, kirkemusikk og for økumenisk virksomhet,
- fastsetter kvalifikasjonskrav og tjenestestruktur for særskilte stillinger innen kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk,
- gir regler om kirkens inventar og utstyr,
- foreslår retningslinjer for kirkelig inndeling.

Det generelle mandatet for Kirkemøtet om-

fatter saker av felles kirkelig karakter og interesse, alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menighetene og fremme av samarbeidet innen Den norske kirke.

Blant de uttrykkelige ansvarsområder for Kirkemøtet er uttalelse i saker om vesentlige endringer i bestemmelsene i kapittel 3 i trossamfunnsloven, planer og programmer for den kirkelige undervisning, diakoni og kirkemusikk og forslag til retningslinjer for soknereguleringer.

Kirkemøtet velger et Kirkeråd, som har ansvar for det forberedende og iverksettende arbeid og for øvrig leder arbeidet mellom Kirkemøtets samlinger.

Hva er noen av sakene Kirkemøtet behandlet i november?

27 saker stod på saklisten, bl.a. en strategi sak ang. å ta vare på kirkebygg. Kirkene i Norge er «kulturminneverdier». De er «landets og folkets monumenter med kontinuitet tilbake til ellevehundretallet.» Nasjonalt er det beregnet et vedlikeholdsetterlep på 10 milliarder kroner. Stortinget må ta et medansvar for å sikre at de store kirkelige kulturminneverdiene blir bedre vedlikeholdt. På Smøla er vedlikeholdsbehov på ca. 13 millioner kroner.

Søk på www.kirken.no for sakspapirer og vedtakene, inkludert en orientering om Opplysningsvesenets fond, diverse årsregnskap og årsmeldinger, kirkens arbeid med klima «Mer himmel på en truet jord», strategi for perioden 2022-2029, særskilte pretekster, og mye mer.

SJØSIDEN
FRISØR
Bente L.
Kristiansen Istad
Mjosundet
Telefon 479 55 426

HR **H. Aukan**
Regnskapskontor AS
Tlf 71 64 40 40 – 6698 Lesund
Økonomisk rådgivning –
Regnskapsføring
Skattespørsmål
VI HJELPER DEG!!

Vi arrangerer

- * Barsedåp
- * Konfirmasjon
- * Bryllaup
- * Bursdager
- * Minnesamvær
- * Catering



Tlf 716 46 238

CH 1777 **BERTELSEN GRAVFERD**
CHIEDER
72 45 25 37 – Døgnvakt
www.bertelsen-bgr.no
Bertelsen Gravminner
41 77 05 10
Bertelsen gravferd
vinner av Næringsprisen i Heim 2020

coop
vikhals
Dagligvarer, bensin, diesel
6697 Vihals – Tlf 71 64 56 45

BUNNPRIS

Aure

09 - 22 (20)

Tlf 71 64 62 70

Bt **BYGGtorget**
BYGGVAREHUSET TENNHAUGEN AS

Har du byggeplaner?

Vi er forhandler av Husmenyen og Hyttemenyen

Vi forhandler:

- Arbeidsklær og verneutstyr
- Hus, hytter og garasjer
- Kjøkken, bad og garderobe
- Lås og beslag
- Maling, tapet og gulvbelegg
- Parkett og laminat
- Trelast og byggevarer
- Verktøy og redskaper
- Vinduer og dører

Gode tilbud på impregneringsmaterialer.
Varebringning etter avtale.

Åpningstider:
Mandag - fredag: 07:00 - 17:00
Lørdag: 09:00 - 14:00

Adresse: Tennhaugen Industriområde,
6699 Kjorsvikbugen
Telefon: 71 64 53 20 - Faks: 71 64 53 21
E-post: byggvarehuset@c2i.net

Skipnes Mek. Verksted AS



6697 Vihals
Tlf 71 64 56 41
Faks 71 64 56 67

Blomster og gaver i Aure!

- sesongens blomster og planter
- spennende gavebutikk
- busker, trær, stauder.

Vi bringer!

	Vi leverer alt til begravelser i Aure og Stemshaug. Frakt kr 50,-	ÅPENT
		ma-to 10-17
		Fre 10-18
		Lør 10-15

Velkommen til Vihals
Flora Idé AS
– Jøran Ulfsnes-Skar –
gartner og dekoratør
Tlf 716 46 500 – 926 81 668



Vil du gi en gave til Diakoniarbeidet?

Kontonumeret er: 4068.47.17814

Diakoni

Hva betyr Diakoni? Diakoni er et begrep som brukes innen den kristne kirken om alt arbeid som angår nestekjærlighet og omsorg. Det kan også forstås som evangeliet i handling. Nøkkelordene for Diakoni er nestekjærlighet, inkluderende fellesskap, vern om skaperverket og kamp for rettferdighet.



JULEKONSERT AURE KYRKJE

SØNDAG 19.DESEMBER 2021

KL 15:00

Aure Kulturskole barnekor og vokalgruppe – Alex Kurbanov –
Arti Læll – Aure Misjonskor – Aure Musikkorps – Kor i all verden –

Aure Songlag



Velkommen til musikalsk førjulstemning
Ingen inngangsbillett - Det blir kollekt ved benken

Art.: Aure Songlag

TUSTNA SKOLEMUSIKK

INVITERER TIL



JULEKONSERT GULLSTEIN KIRKE



GRATIS INNGANG

21 DES
KL 19:00

ORGANIST ALEXEY
KURBANOV

ELEVER FRA ATLANTEN
MUSIKKLINJE

JULESTEMNINGEN SPONSER AV

MQWI



JULETONER

GULLSTEIN KIRKE 18.DESEMBER KL 16:00

HOPEN KIRKE 21.DESEMBER KL 19:00

Egil Holberg - Ann Helen Stamnsve - Gunnar Nordheim
Asbjørn Ole Karstensen - Elin Holberg
Koret vårt
Lyd av RA Audio

Billetter kjøpes på ticketco.no



SANG OG SALMEKVELD

Vi synger julen inn



STEMSHAUG KIRKE

TIRSDAG 14.DESEMBER

KL.1900

Kor i all verden synger

Gløgg, kaffe og pepperkaker etterpå



Livets gang

Aure kyrkje

Døpte:

31.10 Eira Katrine Sletta
21.11 Ola Engel Dromnes
21.11 Sander Vaag

Døde:

19.09 Signy Astrid Sletta, f. 1955
11.11 Odd Asbjørn Kalland, f. 1928
15.11 Marit Vaag, f. 1931

Gullstein kirke

Døpte:

05.12. Alvin Fagermo Golmen

Vareminnesider.no – dødsannonser fra heile landet

Gi gåver med Vipps

Aure sokn: 119778 Stemshaug sokn: 119784
Tustna sokn: 119785

Døde:

17.09 Bjørn Fillipsveen, f. 1949
(urnenedsettelse),
23.10 Anne Elisabet Gjøstøl, f. 1924
21.10 Asbjørn Fugelsnes, f. 1932
19.11 Anne Lise Simonsen, f. 1948

Stemshaug kyrkje

Døpte:

Ingen

Døde:

23.09 Ingeborg Skar, f. 1921
15.10 Arne Berg, f. 1927

Aure, Stemshaug og Tustna sokn

Adresse:

Aursundsvegen 147
6690 Aure
post@arekyrkje.no

Sokneprest:

Per Eilert Orten: 908 94 398

Kyrjekontoret, Aure

Tlf: 71646251
Kontortid:
Ty-, to-, og fredag
kl 0900-1300
www.aurekyrkje.no

Telefonar:

Kyrkjeverje:

Judith Bjørk: 924 35 280

Organist:

Alexey Kurbanov: 924 30 113

Kyrkjeterar/

kyrkjegardsarbeidar, Aure:

Kjell Arnold Fagerlie: 932 19 835

Kirketjener/Kirkegårdsarbeider Tustna:

Roger Steen

468 62 240

Sekretær Dordi Signe Oldervik

479 75 472

Kyrkjelydsarbeidar:

Judy Rangnes 479 75 083

Konfirmantlærer

Stig Ottar Jensen

414 77 533

Ansvarleg for trusopplæringa

Vakant

Bladstyre:

Jan Ove Krutvik: 915 21 410

Asbjørn Barlaup: 482 37 889

Einar Ørbog, Miriam Finset Ingvaldsen,

Brit Nilsen, Ann-Mari Ullsnes,

Anne Marie Moltubakk og

Judith Susanne Bjørk

Menighetsbladet kontonr.

4068.30.04415

VIPPS: 611170

Trykk:

Orkla Grafiske AS

Tlf. 72 48 23 20

E-post:

ole-kristian@orklagrafiske.no

www.orklagrafiske.no



Gravsted-tjenester



- Stell av graver • Pusser opp skrift i stein, • Gull (22 karat). • Sølv, hvitt og sort lakk.
- Vask av steiner og fundament, Vi fjerner mose og groe
- Oppretting av skeivt gravminne.
- Vi selger og nye gravminner, samt inn hugging av nye navn.
- Lys, lykter og bronse artikler.

Smøla, Aure, Hitra, Frøya og Heim - Tlf 91568305
gravstedtjenester@gravstedtjenester.no

TA KONTAKT MED JAN FRODE

JOHNSEN PÅ 91568305

gravstedtjenester@gravstedtjenester.no



ØYVILT

6694 Foldfjorden

Tlf: 915 75 803

Vilt-Fisk-Fiskemat

Ring oss på
481 57 263 / 915 75 803
for en hyggelig prat.



Vi tilbyr catering til alle anledninger

- Dåp
- Konfirmasjon
- Minnesamvær
- Bryllup
- Møtemat og lunsjer

Vi kan tilby en variasjon av retter; kaldtbord, tapas, snitter, varmretter og desserter.



Gudstenester

Med atterhald om endringar
– følg med i aviser og oppslag og på
websiden www.aurekyrkje.no

DESEMBER:

12.12.2021 16:00	Gullstein kirke	Gudstjeneste/Lysmesse
12.12.2021 19:00	Aure kyrkje	Gudstjeneste / Lysmesse
14.12.2021 10:00	Leira Bedehus	Barnehagegudstjeneste
16.12.2021 10:00	Aure kyrkje	Barnehagegudstjeneste
17.12.2021 09:40	Sør-Tustna kapell	Skolegudstjeneste
17.12.2021 10:30	Sør-Tustna kapell	Skolegudstjeneste
17.12.2021 11:45	Sør-Tustna kapell	Skolegudstjeneste
19.12.2021 11:00	Nordlandet grendahus	Familiegudstjeneste
21.12.2021 09:00	Aure kyrkje	Skolegudstjeneste
21.12.2021 10:00	Aure kyrkje	Skolegudstjeneste
21.12.2021 11:00	Aure kyrkje	Skolegudstjeneste
24.12.2021 12:30	Gullstein kirke	Familiegudstjeneste
24.12.2021 14:30	Aure kyrkje	Familiegudstjeneste
25.12.2021 12:00	Aure kyrkje	Høgtidsgudstjeneste
25.12.2021 14:00	Stemshaug kyrkje	Høgtidsgudstjeneste

JANUAR:

01.01.2022 16:00	Sør-Tustna kapell	Hovedgudstjeneste
09.01.2022 11:00	Gullstein kirke	Høymesse
16.01.2022 11:00	Aure kyrkje	Høgmesse
23.01.2022 11:00	Stemshaug kyrkje	Gudstjeneste

FEBRUAR:

06.02.2022 11:00	Gullstein kirke	Høymesse
13.02.2022 11:00	Aure kyrkje	Høgmesse
20.02.2022 11:00	Stemshaug kyrkje	Høgmesse

MARS:

06.03.2022 11:00	Aure kyrkje	Familiegudstjeneste	Årsmøte, Utdeling bibel 5.klasse/6-årsbok
13.03.2022 11:00	Gullstein kirke	Familiegudstjeneste	Årsmøte, Utdeling bibel 5.klasse/6-årsbok
20.03.2022 11:00	Stemshaug kyrkje	Familiegudstjeneste	Årsmøte, Utdeling bibel 5.klasse/6-årsbok

APRIL:

03.04.2022 11:00	Aure kyrkje	Høgmesse
------------------	-------------	----------



Returadresse:
Menighetsblad
v/ Aure kyrkjeontor
Aursundvegen 147
6690 Aure



BARNAS SIDE

Finn 10 blomsternamn!

Inne i rutenettet er det göymt 10 blomsternamn. Dei står frå venstre mot høgre, eller nedover. Finn du alle?

M	B	T	K	R	O	K	U	S	T
Å	L	Ø	V	E	T	A	N	N	U
L	Å	R	N	A	S	H	A	T	S
I	K	N	A	L	F	E	L	U	E
B	L	Å	V	E	I	S	E	L	N
E	O	L	Ø	R	O	T	F	I	F
S	K	A	L	Å	L	E	R	P	R
T	K	O	T	S	E	H	O	A	Y
H	E	R	E	V	L	O	S	N	D
I	R	H	V	I	T	V	E	I	S

Finn fem feil

Vismennene knelte for Jesus, og ga han gull, røykelse og myrra. De to bileta er nesten like. Finner du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Claudia Chiaravalotti)



Fargelegg!

Vismennene knelte for Jesus, og ga han gull, røykelse og myrra. (Teikning: Claudia Chiaravalotti)



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00.

